

Etat for plan og geodata
Bergen Rådhus
Postboks 7700, 5020 Bergen

Bergen 29.10.2012

Områdereguleringsplan for Mindemyren Kommentarar frå Naturvernforbundet Hordaland (NVH)

Naturvernforbundet Hordaland har fått områdereguleringsplanen for Mindemyren til gjennomsyn, og har følgjande merknader:

- Planutkastet er ei klar forbetring i forhold til dagens situasjon når det gjeld miljø, arealutnytting og tilgang for gåande og syklistar. Det er positivt at planen tar sikte på å utnytta det framtidige kollektivsystemet (buss og bybane) til å auka arealutnyttinga og kapasiteten for arbeidsplassar og bustader i området, samtidig som tunge og bilbaserte bedrifter (Posten, BIR) blir flytta ut av sentrum.
- NVH vil særleg understreka følgjande punkt som vil kunna forbetra eksisterande miljø:
 - Utskifting av oljebasert oppvarming med fjernvarme frå avfallsforbrenningsanlegget i Rådalen
 - Sikring av grøntkorridorar og kantsoner rundt Solheimsvatnet og Kristianborgvatnet, som kan sikra eksisterande flora og fauna. Vi meiner at randsona rundt dei to vatna bør vera minst 20 meter brei, noko som betyr at grøntområda på kartet side 36 i planen bør utvidast, og med ein grøn korridor langs heile bekken som går frå Solheimsvatnet til Kristianborgvatnet, og langs sidebekken som går oppover mot Wergeland og Tveitavanet.
 - Dei grøne korridorane bør samordnast med sykkelvegnettet som er foreslått langs den nye Kanalvegen og Minde Alle, og langs bybanetraseen frå Kronstad ned mot Kanalvegen.
 - Det er bra at planen fokuserer på tilgang for fotgjengarar og syklistar, og sikrar tverrsamband (s. 30), og at det blir satsa på å få skikkelege fortau og trafikksikring langs Kanalvegen. NVH meiner og at Kanalvegen bør bli ein hovudakse i eit framtidig sykkelvegnett i Bergen (sml. s. 31), slik at det kan bli samanheng mellom sykkelvegane frå Fana gjennom Mindemyren mot Bergen sentrum.
 - På s. 32 står det at det er 3000 parkeringsplassar innanfor planområdet, pluss (ulovleg?) langtidsparkering på jernbaneterminalen. Her bør det setjast ei øvre grense for kor mange parkeringsplassar det skal vera innanfor planområdet i framtida, sett i forhold til at det skal bli tilgjengeleg med buss og bane, noko som vil redusera behovet for parkeringsplassar. NVH støttar forslaget om 2 – to – bybanestopp langs Fjøsangervegen i tillegg til det eksisterande på Wergeland.
- Naturvernforbundet Hordaland meiner at den framlagde planen er eit godt grunnlag å byggja vidare byutvikling i Minde-området på. Vi meiner dessutan at ein eventuell framtidig ringveg til Arna frå nordenden av Grimevatnet gjennom Ulriken-Landåsfjellet bør munna ut ved Fjøsanger, og knytast til Ringveg Vest, og at det bør vera eit kollektivtilbod med buss og bane i tilknytning til dette vegsystemet som kan koplast til bybanen med ein terminal nær den planlagde bybanestasjonen ved krysset mellom Kanalvegen og Fjøsangervegen.

Naturvernforbundet Hordaland vil gjerne få høve til å koma tilbake med fleire kommentarar ved ein seinare høyringsrunde om reguleringsplanen.

Med venleg helsing
for Naturvernforbundet Hordaland

Signe Sandberg
leiar

Oddvar Skre (sign.)
saksbehandlar

Kopi til

- Fylkesmannen i Hordaland, Miljøvernavdelinga, Postboks 7310, 5020 Bergen
- Bergen Turlag, Tverrgt. 4/6, 5017 Bergen